



Møteprotokoll

Utval:	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Svelgen omsorssenter
Dato:	16.06.2026
Tid:	Kl. 10:30 - 13:30

Følgjande medlem møtte

Parti

Ivar Qvale Hauge

Kirsten Signy Havnen

Maja Vedvik

Frank Midtbø

Evy Merete Myklebust

AP

V

Forfall meldt frå følgjande medl.

Parti

Følgjande varamedlem møtte

Parti

Anne Kristin Førde

AP

Merknad:

OBS! Møtestart klokka 10.30 på grunn av vegstenginga.

Møte vert halde på Svelgen omsorgssenter.

Underskrifter:

_____	_____	_____
_____	_____	_____

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
009/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
010/26	Godkjenning av møteprotokoll
011/26	Referatsaker
012/26	Drøftingssak
013/26	Orienteringssaker
014/26	Gjennomgang av saklista til Kommunestyret
015/26	Gjennomgang av pågående saker

009/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne den 16.06.26 vert godkjende slik dei ligg føre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 16.06.2026:

Handsaming:

RMNF- 009/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne den 16.06.26 vert godkjende slik dei låg føre.

010/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne den 24.02.26 vart godkjend og skriven under slik den ligg føre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 16.06.2026:

Handsaming:

Maja har sidan sist søkt om permisjon for elevar i skulen, og der vart dei ikkje skriven ut av skulen. Motsatt til det som var informert av kommunalsjef i førre møte. Maja har meldt det inn.

RMNF- 010/26 Vedtak:

Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne den 24.02.26 vart godkjend og skriven under slik den låg føre.

011/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til vitande.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 16.06.2026:

Handsaming:

Maja har delteke på budsjettkonferansen i lag med alle leiarane i kommunen, leiarar i råd og kommunestyret.

Kristisk til korleis det var arrangert, det var inndeling i grupper som ikkje var relevant.

Maja har spelt inn forbettringspunkt.

RMNF- 011/26 Vedtak:
Reratsaker vert tekne til vitande.

012/26: Drøftingssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Drøftingssaker vert tekne til vitande.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 16.06.2026:

Handsaming:

Kapasitet ved tannklinikken i Bremanger kommune

Sekretær sender eit brev til tannklinikken og etterspør informasjon om korleis tannlegane er prioritert i kommunen.

Prosjekt ved Svelgen oppvekst

Ingen som har vore med i gruppa ønskjer å signere på sluttresultatet, fordi det er dårleg. Våre kommentarar frå møte i oktober, der Karl Vidar og Joakim frå Norconsult var til stades – var det skrive at våre kommentarar skal takast med vidare med av dei. Det har ikkje vorte gjort.

Det har heller ikkje vore skrive referat frå prosessane som har vore.

Er no sendt inn innspel frå dei som har vore med i prosjektgruppa, slik at alle har fått inn si meining.

Maja har sendt inn merknad frå Rådet.

Drosjer i kommunn tek ikkje rullestolar

Det finnes per i dag ikkje rullestoldrosje i kommunen, hovudsakleg fordi etterspørselen er svært lav, med kun rundt tre førespurnadar årleg. Helse Førde har heller ikkje stilt krav om et slikt tilbod. I staden har drosjesjåførane sklibrett i bilene, slik at de kan bistå personar med å forflytte seg frå rullestol til bilsete.

For å kunne sitte i rullestol under transport, krevs det at rullestolen er godkjent for dette formålet. Per i dag er det ikkje økonomisk grunnlag for at drosjeselskapet kan investere i en egen bil med rullestoltilpasning på eget initiativ. På sikt har imidlertid drosjeeieren i Rugsund planer om å bytte ut eksisterende maxitaxi med en bil som har rullestolrampe, noe som vil bedre tilbudet.

Kultrskuleundervisning

Det er kome forslag om at kulturskuleundervisninga bør ligg i skulebygget. Dersom det ligg i ein anna stad enn skulebygget, er ein avhengig av at foreldre skal følgje dei, dersom undervisninga vert i arbeidstida.

Rådet var negative til dette, då fleire kan få kulturskuleundervisning på ettermiddag, etter arbeidstid, då foreldre uansett kan følge.

RMNF- 012/26 Vedtak:
Drøftingssaker vert tekne til vitande.

013/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 16.06.2026:

Handsaming:

Orientering frå Hege Rosvoll

Har per no kun eit BPA-tiltak i kommunen. Har ikkje mykje erfaring med det, då det ikkje har vore mange tiltak tidlegare heller.

I BPA får du tildelt dei tenestene du har behov for, slår i hop timane til ein pot- og er arbeidsleiar som skal organisere desse tenestene.

Assistentane som skal vere tilsett då,

Kan vere forskjellige tenester inne i desse, der nokon av dei skal vere eigenbetaling på. I forskrift om eigenbetaling er det definert kva som skal betalast for.

For mange som er uføretrygda er det ligg dei akkurat i beløpsskillet der dei må betale full pris, og ikkje får reduksjonane som gjeld for under 2G.

Det kan vere snakk om 1200 kroner i året eller 36000 kroner i året.

Eigenandel ved køyring når man har støttekontakt – er den betalinga folk reagerer mest på.

Støttekontakt og BPA-assistent skal helst ikkje bruke nære relasjonar.

Mange kommunar går vekk frå denne regelen, då det er vanskeleg å få folk i jobbane.

Har for lite BPA-tiltak her til at vi har erfaring med utanlandsreiser . Har ikkje problem med å sende BPA-assistentar på ferie med brukar.

Har innvilga det for andre BPA-tiltak tidlegare, har ikkje gjeve avslag på det så langt.

Rundskriv Helse og omsorgsdepartementet om BPA: Rettighetsfesting av brukerstyrt personlog assistanse (BPA).

Opplæringsrundskriv til personlege assistentar:

Helsedirektoratet – Opplæringshandbok brukerstyrt personlig assistanse BPA

RMNF- 013/26 Vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

014/26: Gjennomgang av saklista til Kommunestyret

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 16.06.2026:

Handsaming:

RMNF- 014/26 Vedtak:

Ingen merknad til nokon av sakene.

015/26: Gjennomgang av pågåande saker

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 16.06.2026:

Handsaming:

Undersøker korleis det går med saka vi sendt inn til fellesrådet, om grusing av gangvegar på kyrkjegardane.

Ønskjer å invitere inn kyrkjeverje til neste møte for å høyre status i saka.

RMNF- 015/26 Vedtak:

Sakene vert arbeidd vidare med.